

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 18/5826-1

### Spelemidlar til idrettsanlegg 2018

#### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd midlar til følgjande nærmiljøanlegg:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søklar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Aurland	1	17106	Aurland kommune	2015	Tursti	300 000
Aurland	2	54101	Vassbygdi ungdomslag	2018	Fleirbruksområde m/lys	350 000
Balestrand	1	69419	Aurland kommune	2016	Tursti	104 000
Bremanger	1	54805	Ålfoten IL	2017	Aktivitetsjungel	282 000
Bremanger	3	54753	Leirgulen IL	2016	Ballbane	300 000
Eid	1	51483	Eid kommune	2016	Ballbinge med lys	511 000
Eid	2	54675	Alsaker grendalag	2017	Ballbinge	255 000
Eid	3	54736	Eid kommune	2017	Treningsapparatpark	65 000
Fjaler	1	72716	Svint IL	2018	Tursti	60 000
Flora	1	51075	Flora kommune	2016	Hoppegrop	39 000
Flora	4	51074	Flora kommune	2016	Bordtennisbord	33 000
Flora	2	51072	Flora kommune	2016	Ballbane med basket	124 000
Flora	3	51073	Flora kommune	2016	Ballbane med lys	600 000
Flora	5	51078	Flora kommune	2016	Sandvolleyballbane	158 000
Førde	1	50628	Førde kommune	2015	Handball/tennisbane	300 000
Førde	2	50736	Førde kommune	2015	Ballbinge/basketbane	300 000
Førde	3	50630	Førde kommune	2015	Klatrevegg	300 000
Førde	7	60110	Vie grannelag	2017	Akebakke	186 000
Førde	13	60468	Ytre-Hafstad Grannelag	2017	Tursti	74 000
Gloppen	1	59251	Sandane TIL	2012	Ballbinge	278 000
Gulen	1	20851	Gulen kommune	2016	Klatrepark med lys	600 000
Høyanger	1	60433	Høyanger kommune	2017	Friluftsområde	110 000
Høyanger	3	43488	Høyanger kommune	2017	Rehabilitering ballbane	60 000
Jølster	1	51180	Jølster IL	2017	Lysanlegg	98 000
Jølster	2	72275	Jølster kommune	2018	Turveg	300 000
Luster	1	50999	Gaupne bygdelag	2016	Klatrepark med lys	40 000
Luster	2	50998	Hafslo bygdelag	2016	Klatrepark	300 000
Luster	3	50994	Mollandsmarki grendalag	2017	Tursti	77 000
Luster	4	51212	Mollandsmarki grendalag	2017	Tursti	142 000

Sogndal	1	40261	Norane idrettslag	2017	Rehabilitering ballbane	186 000
Vik	1	72204	Vik IL	2018	Trimpark med lys	398 000
Vik	2	72205	Vik IL	2018	Sandhandballbane	230 000
Vågsøy	1	60330	Vågsøy kommune	2017	Skateområde	300 000
Årdal	1	54605	Årdal kommune	2017	Ballbinge med lys	484 000
					<b>Totalt</b>	<b>7 944 000</b>

2. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av kommunale planar:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Askvoll	6	64624	Askvoll kommune	2018	Dagsturhytte	380 000
Askvoll	5	72543	Bulandet IL	2017	Brygge	184 000
Aurland	6	73101	Aurland kommune	2018	Dagsturhytte	343 000
Balestrand	3	69419	Balestrand kommune	2018	Tursti	956 000
Balestrand	4	73208	Balestrand kommune	2018	Båthus for kajakk	210 000
Balestrand	2	64599	Balestrand kommune	2018	Dagsturhytte	324 000
Balestrand	1	60720	Balestrand kommune	2017	Dagsturhytte	180 000
Bremanger	1	8021	Ålfoten IL	2015	Lysløype	138 000
Bremanger	2	73020	Bremanger kommune	2018	Dagsturhytte	364 000
Eid	1	20522	Eid IL	2015	Utviding av trasè	110 000
Eid	2	17752	Harpefossen Skisenter AS	2015	Klubbhus	542 000
Eid	19	72104	Eid kommune	2018	Dagsturhytte	339 000
Fjaler	1	63913	Dale Skyttarlag	2015	Klubbhus	507 000
Fjaler	4	73291	Fjaler kommune	2018	Dagsturhytte	319 000
Flora	1	50148	Grovastøylen AS	2011	Klubbhus	2 821 000
Flora	14	64397	Flora kommune	2017	Dagsturhytte	126 000
Førde	1	70660	Førde IL	2015	Klubbhus	1 500 000
Førde	3	50625	Sunnfjord Kajakkklubb	2016	Båthus for kajakk	384 000
Førde	8	20874	Førde kommune	2016	Sandvolleyballbane 2	79 000
Førde	9	20875	Førde kommune	2016	Sandvolleyballbane 3	79 000
Førde	10	20876	Førde kommune	2016	Sandvolleyballbane 4	79 000
Førde	11	60106	Førde Idrettslag	2017	Kart	118 000
Førde	15	60258	Førde kommune	2018	Tennisbane	249 000
Gaular	3	66573	Langeland ski- og fritidssenter	2017	Turløype	851 000
Gloppen	8	72380	Trivselsskogen SA	2018	Tursti med lys	1 363 000
Gloppen	9	72967	Gloppen kommune	2018	Nedfart	145 000
Gloppen	11	73225	Gloppen kommune	2017	Dagsturhytte	282 000
Gloppen	12	72965	Gloppen kommune	2018	Stisykkelsenter	1 050 000
Gulen	2	72885	Gulen kommune	2018	Rehabilitering av trasè	416 000
Gulen	1	73010	Gulen kommune	2018	Dagsturhytte	364 000
Hornindal	1	20698	Hornindal skisenter AS	2016	Snøproduksjonsanlegg	1 000 000
Høyanger	2	73028	Høyanger kommune	2018	Dagsturhytte	397 000
Leikanger	1	72582	Leikanger kommune	2018	Dagsturhytte	361 000
Leikanger	2	21605	Leikanger skyttarlag	2017	Klubbhus	1 000 000

Luster	2	59831	Luster kommune	2017	Dagsturhytte	231 000
Luster	11	51000	Luster kommune	2018	Tursti	1 140 000
Lærdal	1	20754	Lærdal IL	2016	Klubbhus	774 000
Selje	1	72368	Selje kommune	2018	Dagsturhytte	360 000
Sogndal	12	73076	Sogndal kommune	2018	Dagsturhytte	321 000
Solund	3	73248	Solund kommune	2018	Dagsturhytte	430 000
Stryn	1	51530	Loen IL	2016	Klubbhus	784 000
Vik	1	17593	Vik kommune	2015	Sanitæranlegg	182 000
Vågsøy	1	73214	Skavøypoll IL	2018	Trasè/vassportanlegg	550 000
Vågsøy	2	72997	Vågsøy kommune	2018	Dagsturhytte	471 000
Årdal	1	64590	Årdal kommune	2018	Dagsturhytte	398 000
					<b>Totalt</b>	<b>23 201 000</b>

3. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjær	1.søkn.år	Anleggstype	Løyving
Askvoll	2	66535	Bulandet IL	2015	Treningsrom	700 000
Askvoll	4	23367	Atløy IL	2016	Kunstgrasbane	1 569 000
Balestrand	1	29775	Balestrand kommune	2016	Kunstgrasbane	1 000 000
Eid	6	47355	Harpefossen skisenter AS	2014	Utforløype	171 000
Eid	16	59897	Harpefossen skisenter AS	2018	Rulleskibane	1 400 000
Fjaler	2	30498	Fjaler kommune	2015	Idrettshall	225 000
Gaular	6	71093	Gaular kommune	2013	Squashhall	400 000
Gaular	7	71092	Gaular kommune	2013	Klatrevegg	700 000
Gaular	8	6145	Gaular kommune	2013	Opplæringsbasseng	833 000
Gloppen	14	65 893	Gloppen kommune	2013	Idrettshall	3 000 000
Gloppen	15	59 093	Gloppen kommune	2015	Idrettshall	621 000
Hyllestad	1	72187	Hyllestad kommune	2018	Idrettshall	500 000
Høyanger	1	43 492	Høyanger kommune	2012	Kunstgrasbane	189 000
Jølster	2	40620	Sunnfjord Golf	2016	Golfbane	557 000
Luster	1	25662	Luster kommune	2010	Treningsbasseng	3 125 000
Luster	3	58885	IL Bjørn	2018	Kunstgrasbane	3 200 000
Naustdal	1	20733	Naustdal kommune	2016	Universell utforming	1 000 000
Naustdal	2	20729	Naustdal kommune	2016	Styrkerom	700 000
Sogndal	3	70273	Sogndal Fotball AS	2014	Kunstgrasbane	1 488 000
Sogndal	7	1714	Sogn og Fj. Fylkeskommune	2016	Treningsbasseng	695 000
Sogndal	10	1797	Sogndal Fotball AS	2017	Kunstgrasbane	2 149 000
Solund	1	56557	Solund kommune	2013	Kunstgrasbane	1 800 000
Stryn	2	60392	Stryn T & IL		Kunstgrasbane	1 952 000
Stryn	4	2100	Stryn kommune	2018	Idrettshall	1 000 000
Vågsøy	4	72999	Vågsøy kommune	2018	Idrettshall	900 000
Årdal	1	51 276	Tangen køyre og rideklubb	2016	Ridehall	327 000
					<b>Totalt</b>	<b>30 201 000</b>

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

**Vedlegg:**

1. Brev frå Kulturdepartementet datert 07.05.2018.
2. Liste over søknadar til nærmiljøanlegg 2018
3. Liste over søknadar til ordinære anlegg 2018
4. Liste over ikkje godkjende søknadar 2018
5. Oversikt over vurderingane av spelemiddelsøknadane i kommunane 2018.
6. Oversikt over tal søknadar, godkjend søknadssum, tildelingssum, prosentvis tildeling etter tal søknadar og søknadssum, tilgang til anlegg, fordeling pr. innbyggjar.

**Andre relevante dokument i saka:**

1. Rundskriv frå Kulturdepartementet, V-0732, datert 15.06.2017.
2. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019, revidert handlingsprogram vedteke av fylkestinget sak 50/17, den 05.12.2017.
3. Norsk idrettsindeks – Resultat frå Sogn og Fjordane

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Gjennom rundskriv V-0732 datert 15.juni 2017 har Kulturdepartementet gjeve retningslinjer for tilskot frå spelemidlane. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kommunale planar og prioriteringar legg viktige føringar for kva anlegg som vert prioritert for tilskot det enkelte år.

Til dei to søknadsgruppene, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg kom det i år inn 294 søknadar med ein samla godkjend søknadssum på 237 645 000 kr. Dette er 26 709 000 kr meir enn i 2017. 273 av søknadane er godkjende for tildeling og det er rådd til tilskot til 105 søknadar.

Rammetilskotet er fordelt mellom fylka etter fordelingsnøkkelen for ordinære anlegg i St.mld. nr. 14, «Idrettslivet i endring» og St.mld. nr. 26, «Den norske idrettsmodellen».

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 legg opp til å fordele 85 % til ordinære anlegg, fordelt mellom 55 % til anlegg styrt etter regional plan og 30 % styrt etter kommunale planar, og dei resterande 15 % styrt til nærmiljøanlegg.

Fylkesdirektøren rår i denne saka til å fordele kr. 61 346 000 til 105 anlegg.

I tillegg er det sett av kr. 204 000 til klagehandsaming.

Disponibel sum kjem fram når vi summerer slik;

Rammetilskotet	kr. 59 471 000
Rentemidlar	kr. 1 402 000
Tilbakebetalte midlar	kr. 30 000
Inndregne midlar	kr. 647 000

Fylkesdirektøren rår i denne saka til å nytte kr. 7 944 000 til nærmiljøanlegg. Det vil seie at 34 av 119 godkjende søknader får tildeling.

Fylkesdirektøren rår også til å nytte kr. 53 402 000 til ordinære anlegg. Det vil seie at 71 av 154 godkjende søknader for ordinære anlegg får tildeling.

### **2. Bakgrunn for saka**

Spelemidler til idretts- og friluftslivsanlegg er heimla i Lov om pengespel mv. av 28. august 1992 nr. 103. Forskriftene er gjevne ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1992.

For at ein søknad om spelemidler skal kunne fremjast er det eit vilkår at anlegget er prioritert i handlingsprogrammet i ein vedteken «kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv». Vidare er det eit krav at søknaden fyller krav om dokumentasjon som idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, kostnadsoverslag, finansieringsplan med dokumenterte postar, driftsplan og avtale om rett til bruk av grunn

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 styrer tildeling til dei store anlegga i fylket. Dette er anlegg fylkestinget har vurdert som kostnadskrevjande, arealkrevjande og kan vere ei miljø-messig belastning. Type anlegg dette gjeld er: motorsportsanlegg, utandørs skytebaner, alle typar hallar inklusiv delelement, kunstgrasbaner lik eller større enn 64x100 meter, hoppanlegg større enn K40 inklusiv plastlegging, golfanlegg, alpinanlegg med høgdeskilnad 100 meter eller meir, rulleskibaner og kunstisbaner.

### **3. Viktige plandokument/saksgang/reglar for tildeling**

#### **3.1 Plandokument:**

Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016 – 2019. Vedtekne kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

#### **3.2 Lover, reglar og føresegner:**

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017.

#### **3.3 Saksgang for spelemiddelsøknader:**

- Søknaden skal sendast elektronisk via [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no) til kommunen. Kommunen bestemmer sjølv søknadsfrist, og handsamar og prioriterer søknadane på eigne prioriteringster for både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.
- Innan 15.januar skal kommunane sende søknadane elektronisk til fylkeskommunen. Etter gjennomgang av søknadane skal fylkeskommunen sette opp liste for kvar søknadsgruppe.
- Innan 15.mars skal listene sendast til idrettsavdelinga i Kulturdepartementet. På grunnlag av disponibelt overskot i Norsk Tipping AS vert rammene for kvar fylkeskommune fastsett i statsråd.
- Seinast 1.mai skal fylkeskommunane få melding om rammetilskotet.
- Fylkeskommunen (HNK) fordeler rammetilskotet + mogelege rentemidlar, tilbakebetalte og inndregne midlar for 2017.
- Melding om fordeling skal sendast Kulturdepartementet innan 1.juli.
- Brev ut til søkjarane med melding om vedtak og vilkår for tildelte midlar vert sendt første del av juni månad.

#### **3.4 Klage:**

Forvaltningslova § 27 og 28, gjev søkjar som har fått avslag rett til å klage på vedtaket. Hovudutval for næring og kultur handsamar klagen som underinstans. Klageinstans er Kulturdepartementet.

Føresegner om tilskot seier at rentemidlar og inndregne midlar skal vere tilgjengeleg ved handsaming av klagesaker, anten det er fylkeskommunen eller Kulturdepartementet som gjev klagaren medhald.

#### **3.5 Søknadsgrupper**

Søknadane er delt i 2 søknadsgrupper:

1. Nærmiljøanlegg.
2. Ordinære anlegg.

#### **3.6 Søknadstype:**

Gjenteken: søknadar som har fått startløyving og som skal ha ytterlegare tilskot i år.

Fornya: søknadar som har søkt tidlegare, men som enno ikkje har fått tildeling.  
 Ny: søknadar som ikkje har søkt tidlegare.

### 3.7 Reglar for prioritering og fordeling av spelemidlane.

3.7.1 Kulturdepartementet har i brev av 04.05.2018 gjeve følgjande reglar for tildeling av spelemidlar:

- «1. Søknader som har fått tildeling tidligere skal få dekket restbeløpet (gjentatte søknader).
2. Det resterende beløpet nyttes til andre godkjente søknader.
3. Anlegg spesielt tilrettelagt for personer med nedsatt funksjonsevne prioriteres.
4. Anlegg som får tilskudd lik eller mindre enn normalsatsen, kr. 1 000 000 (ekskl. særlige tilskuddssatser) skal ikke deles.
5. Anlegg som får tilskudd større enn normalsatsen kan få tilskuddet fordelt over to år, med en halvdel hvert år
6. Anlegg som får tilskudd på med enn kr. 5 000 000 kan få tilskuddet fordelt over tre år, med en tredjedel hvert år.
7. Anlegg som ikkje tildeles midler i år kan søke på nytt og bli vurdert ved neste års fordeling, på linje med andre søknader.
8. det er kun prosjekter som inngår i en vedtatt kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet som er tilskuddsberettigede (om nærmiljøanlegg, se nærmere bestemmelsene V-0732, pkt 3.1.1)»

#### 3.7.2 Fylkeskommunale prioriteringar

Følgjande prioriteringar er lagt til grunn i fylkesdirektøren sitt framlegg til fordeling av spelemidlane:

##### *Fordeling på anleggstypar*

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv legg opp til at tilgjengelege midlar vert fordelt på følgjande måte:

Nærmiljøanlegg;	inntil 15 %.
Ordinære anlegg styrt av kommunal plan;	inntil 30 %.
Ordinære anlegg styrt av regional plan;	inntil 55 %

##### *Friluftsliv*

Som tiltak i regional plan er friluftsliv-søknadar prioriterte første godkjende søknadsår. Tal godkjende friluftslivssøknadar var relativt stabilt i 2015 og 2016, med ei tildeling like i underkant av 4 mill. kr. I 2017 såg vi ei stor auke i tal godkjende søknadar og ei tildeling på rundt 11 mill. kr. I år ser vi også ei stor auke i tal godkjende søknadar med ein søknadssum på i overkant av 16 mill. kr. Denne auken kan sannsynlegvis sjåast i samanheng med satsinga på å prioritere friluftssøknadar første godkjende søknadsår, saman med dagsturhytte prosjektet der alle kommunar i fylket får midlar til bygging av dagsturhytte.

##### *Oppfølging av kulturdepartementet sine særlege prioriteringar*

For søknadsåret 2018 har ikkje Kulturdepartementet særleg prioriterte føringar for tilskot slik det har vore enkelte andre år, som for eksempel med tilskot til utskifting av PCB-holdige lysarmatur i lysøyper.

##### *Tildeling*

Det er fylkesdirektøren sitt mål at minst eitt anlegg i kvar kommune skal få tilskot frå spelemidlane. Dei kommunale prioriteringane vert lagt til grunn og følgt opp så langt som råd. For å innfri målet om tilskot til anlegg i alle kommunane, må dette også sjåast opp mot at dette kan vere anlegg i regional plan, friluftslivsanlegg eller nærmiljøanlegg. Ut over prioriteringslistene etterstrevar fylkeskommunen å tildele anlegg i frivillig sektor og anlegg som er ferdig bygd og ferdig revidert.

##### *Nokre særlege problemstillingar – kommunale prioriteringar*

Kommunane prioriterer sine søknadar i to grupper; nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Fylkesdirektøren legg som hovudprinsipp dei kommunale prioriteringane til grunn i sitt arbeid med å tilrå fordeling av spelemidlane. Dette kan gje utfordringar i enkelte høve der kommunar prioriterer anlegg for friluftsliv lågt, samtidig som regional plan for idrett, fysisk aktivitet og

friluftsliv legg føringar på at anlegg for friluftsliv skal tildelast første godkjende søknadsår. Dette kan gjere det vanskeleg å tildele eldre ordinære søknadar som har vore fornya i mange år. Fylkesdirektøren ser at det skulle vore ei presisering i regional plan at anlegg for friluftsliv vert tildelt første godkjende søknadsår, føresettt høg kommunal prioritering. Slik presisering bør vurderast ved neste rullering.

#### *Nokre særlege problemstillingar – regional plan*

Handlingsprogram for anlegg i regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv styrer ein stor del av tildelingane år for år, og desse er vedtekne i fylkestinget sak 50/17, den 05.12.17. For søknadsåret 2018 har fire anlegg som var prioritert for tildeling i 2018 bedt om å få tildeling flytta til 2019, i tillegg har to anlegg som var prioritert i 2018 ikkje levert søknad. På bakgrunn av dette er tre anlegg som var prioritert for tildeling i søknadsåret 2019 flytta fram og får tildeling i 2018.

## **4. Årets søknadar – midlar til fordeling – vurdering og konsekvensar**

### **4.1 Innkomne søknadar**

Tal søknadar i 2018 er noko lågare i 2018 samanlikna med i 2017. I år kom det inn 294 søknadar, mot 328 søknadar i fjor. Det skal likevel nemnast at det i årets søknadsrunde vart opna for å leggje saman søknadar, og leggje fleire tiltak til ein søknad, der det kan vere naturleg å gjera det. Derfor vert ikkje årets søknadsrunde samanliknbar med tildegare søknadsrundar. Etersom søknadsåret 2018 er første året det har vore mogeleg å slå saman søknadar har fylkesdirektøren sett at enkelte søkjarar ikkje har vore oppmerksame på dette, og dermed ikkje gjort denne samanslåinga før søknadsfristen. I desse tilfella har fylkesdirektøren vore behjelpeleg med å slå saman søknadane for søkjar. Dette sikrar likebehandling med søkjarar som har gjort samanslåingane sjølv, og fører samtidig til at søkjarane og fylket oppnår ein høgare godkjend søknadssum.

Type anlegg det er søkt til fordeler seg slik:

- Ordinære anlegg: 165 – av desse er 154 godkjend for tildeling av spelemidlar.
- Nærmiljøanlegg: 129 – av desse er 119 godkjend for tildeling av spelemidlar.

Søknadane fordeler seg slik når det gjeld ny/fornya/gjentatt søknad:

- Gjentatt søknad: 10
- Fornya søknad: 161
- Ny søknad: 123

### **4.2 Fordelingskriterier for rammetilskot til fylka**

Rammetilskotet frå spelemidlane vert fordelt mellom fylka etter fordelingsnøkkelen for idrettsanlegg, fastsett av Stortinget i Stortingsmelding nr. 26, «Den norske idrettsmodellen». Stortinget sitt vedtak om opptrapping av tippenøkkelen slik at 64 % av overskotet til Norsk Tipping A/S går til idrettsføremål er gjennomført. Fordelingsnøkkelen fordeler rammetilskotet til fylka etter følgjande vekting;

- |                             |        |
|-----------------------------|--------|
| • Godkjend søknadssum       | (50 %) |
| • Tal innbyggjarar i fylket | (25 %) |
| • Anleggsfordeling          | (25 %) |

### **4.3 Rammetilskot og samla sum til fordeling i 2018**

#### 4.3.1 Rammetilskotet og bruken av dette

I brev frå Kulturdepartementet, datert 07.05.18 har Sogn og Fjordane fylkeskommune fått melding om ei tilskotsramme på kr. 59 571 000. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 legg opp til å fordele denne tildelinga slik:

- Nærmiljøanlegg – 15 %
- Ordinære anlegg – tildeling styrt etter regional plan 55 %, og etter kommunale planar 30 %.

#### 4.3.2 Inndregne spelemidlar, tilbakebetalte midlar og rentemidlar

Inndregne og tilbakebetalte midlar og rentemidlar skal leggest til årleg rammetilskot og nyttast til føremålet.

Pr. 16.05.18 utgjør dette:

Rentemidler	kr. 1 402 000
Tilbakebetalte midlar	kr. 30 000
Inndregne midlar	kr. 647 000

#### 4.3.3 Samla sum til fordeling i 2017

Årets tildeling frå Kulturdepartementet, rentemildar, tilbakebetalte midlar og inndregne midlar gjev ein samla sum til fordeling i 2017 som fordeler seg slik;

Rammetilskotet	kr. 59 471 000
Rentemidler	kr. 1 402 000
Tilbakebetalte midlar	kr. 30 000
Inndregne midlar	kr. 647 000

Dette gjev ein samla sum på kr. 61 550 000. Kr. 61 346 000 vert tilrådd løyvd i denne saka. I tillegg er det sett av kr. 204 000 til eventuelle klagesaker. Dersom det ikkje kjem klagesaker, kan midlane tildelast ordinære søknader når klagefristen er gått ut, ev. overførast til 2019.

#### **4.4 Samhandling med idrettskrinsen og Forum for natur og friluftsliv (FNF)**

Fylkesdirektøren samhandlar tett med m.a. Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv (FNF) når det gjeld informasjon og skulering i høve spelemiddelordninga. Det er også naturleg å drøfte framlegg til fordeling med dei. Det har ikkje vore tid til dette før saka vert ferdigstilt, men framlegget til fordeling av spelemidler for 2018 vil bli gjennomgått og drøfta med organisasjonssjef i Sogn og Fjordane idrettskrins og koordinator for FNF før hovudutvalet sitt møte. Ev. kommentarar eller merknader frå idrettskrinsen og FNF vil bli ettersendt, eller lagt fram i møtet.

### **5. Nærare om anleggstypar, tilskot og vurderingar**

#### **5.1 Nærmiljøanlegg**

Vi har motteke 129 søknadar, der 119 av desse kunne godkjennast. Godkjend søknadssum i 2018 er kr. 30 773 000 (dette er kr. 3 196 000 meir enn i 2017)

Det vert tilrådd å løyve kr. 7 944 000 til 34 av 119 godkjende søknader. Dette utgjør om lag 13 % av samla tildeling.

Hyllestad søker ikkje om midlar til nærmiljøanlegg. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å kunne tildele midlar til nærmiljøanlegg i Askvoll, Gaular, Hornindal, Leikanger, Lærdal, Naustdal, Selje, Solund eller Stryn ettersom eldre ordinære søknadar og søknadar i regional plan vert prioritert framom. Fylkesdirektøren har gjort ei samla vurdering i kvar kommune der eldre søknadar opptil sju år gamle på t.d. ordinære anlegg i ein kommune er prioritert framom nye søknadar til nærmiljøanlegg i ein annan kommune. For nærmiljøanlegg er ventetida om lag 2 år.

#### **5.2 Ordinære anlegg**

Vi har motteke 165 søknadar, der 154 av desse kunne godkjennast. Godkjend søknadssum i 2018 er kr. 237 645 000 (dette er kr. 26 709 000 meir enn i 2017).

Etter føringane i regional plan skal 85 % av løyvinga tildelast ordinære anlegg styrt av regional plan og kommunale planar. Fylkesdirektøren tilrår å tildele kr. 53 402 000 til 71 av 154 søknadar. Dette utgjør om lag 87 % av samla tildeling. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd kr. 30 201 000 til 26 anlegg som får styrt tildeling etter regional plan. Dette utgjør i overkant av 49 % av samla tildeling.

Handlingsprogrammet på anlegg i regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vart rullert hausten 2017, etter at ein i søknadsåret 2016 og 2017 fekk rom til å tildele fleire anlegg i regional plan enn det som var prioritert. For søknadsåret 2018 har fire anlegg som var prioritert for tildeling i 2018 bedt om å få utsett prioritering til 2019, i tillegg vart det ikkje levert søknad på to av anlegga som var prioritert i 2018. Samla hadde desse søknadssum på



kr. 2 776 000. På bakgrunn av dette vert tre anlegg, med ein samla søknadssum på kr. 1 625 000 som var prioritert for tildeling i 2019 flytta fram til 2018.

Anlegg i regional plan som vert endra:

Kommune	Anleggstype	Søknadssum	Kommentar
Flora	Grov, trail	733 000	Bedt om utsetting til 2019
Førde	Gocart, Kråkenesmarka	1 000 000	Bedt om utsetting til 2019
Luster	Knattekross	128 000	Ikkje levert søknad
Luster	Enduro	82 000	Ikkje levert søknad
Sogndal	Rindabotn, nedfart	483 000	Bedt om utsetting til 2019
Sogndal	Kalvavatn, nedfart	350 000	Bedt om utsetting til 2019
Fjaler	Fjalerhallen	225 000	Flytta fram frå 2019
Hyllestad	Hyllestadhallen	500 000	Første tildeling flytta fram frå 2019
Vågsøy	Idrettshall, Vågsøy u.skule	900 000	Første tildeling flytta fram frå 2019
Luster	Treningsbasseng	3 125 000	Opprinneleg planlagt kr. 4 125 000 i tildeling, 1 mill. kr vert omprioritert til nærmiljøanlegg i Luster kommune.

### 5.3 Oversikt over årleg %-vis fordeling av tilskot til anlegg i regional plan og kommunale planar

År	% - vis fordeling etter RP	% - vis fordeling etter kommunale planar
2014	55,0 %	45,0 %
2015	67,0 %	33,0 %
2016	52,7 %	47,3 %
2017	46,3 %	53,7 %
2018	49,2 %	50,8 %

Utvikling av rammetilskot til Sogn og Fjordane

2013	30 178 000 kr.
2014	29 091 000 kr.
2015	37 100 000 kr.
2016	45 823 000 kr.
2017	53 266 000 kr.
2018	59 471 000 kr.

### 5.4 Vurderingar

Sogn og Fjordane har i 2018 fått ei god rammetildeling. 105 anlegg får tildelt midlar i 2018 mot 50 i 2014, 60 i 2015, 110 i 2016 og 107 i 2017. Det er god dugnadsånd og vilje til å etablere anlegg i fylket. I 2016 og 2017 har vi sett ei stor satsing på rehabilitering av anlegg i fylket. Vi ser at det fortsatt er ei satsing på dette, men i noko mindre grad enn i 2016 og 2017.

Fylket har mange anlegg som er modne for rehabilitering og dette viser att i årets søknadar. Fylkesdirektøren har hatt særskilt fokus på dette dei siste åra. Rehabilitering av eksisterande anlegg er viktig for å betre kvaliteten på anlegg, og for å ikkje auke anleggsdekninga i fylket ytterligare. Anleggsdekninga (tal anlegg delt på innbyggjarar/areal) i fylket er høg samanlikna med landet elles. Kommunane er ansvarlege for å oppdater anleggsregisteret. Fylkesdirektøren vil likevel styrke arbeidet ut mot kommunane for å rydde i anleggsregisteret, ettersom anleggsdekning i fylka tel 25 % av vektinga når Kulturdepartementet fordelar ramma.

Fylkesdirektøren legg opp til også i år å halde fast ved ein tildelingspolitikk der alle kommunar i fylket med godkjende søknadar, og søknadar som kan få tildeling, skal få til minst eitt anlegg. Prioriteringslistene i kommunane vert lagt til grunn. Resultatet vert ei god fordeling mellom

kommunane. Dette gjev ei god fordeling mellom kommunane, noko som kan motivere til auka anleggsatsing i fleire kommunar samstundes. Fylkesdirektøren legg opp til ei fordeling av midlane der presset på å bygge anlegg er stort og anleggsdekninga er låg samanlikna med andre kommunar i fylket. Dette betyr at kommunar med mange søknadar og høg godkjend søknadssum som Eid, Flora, Førde, Gloppen, Luster, Sogndal og Stryn også i år får ei forholdsvis god tildeling.

I regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er det vedteke at søknadar til friluftsliv vert prioritert for tildeling første søknadsår under føresetnad av godkjend søknad. I år ser vi ei svært stor satsing på denne typen anlegg. Heile 38 søknadar får ei samla tildeling på kr. 14 014 000. Dette er ei firedobling sidan 2016 då sju søknadar fekk ei samla tildeling på kr. 3 511 000. Noko av bakgrunnen for denne auken er satsinga på dagsturhyttene, men vi ser også ei stor auke i etablering og rehabilitering av turstiar. I tillegg vert det etablert brygge i Askvoll, båthus for kajakk i Balestrand og Førde, samt eit vassportsanlegg i Vågsøy som også er definert som friluftslivsanlegg. Denne typen anlegg har ei viktig rolle når det gjeld å gjere fjord og vatn meir tilgjengeleg. I tillegg kan dei nyttast inn mot reiselivet. Satsinga på anlegg for friluftsliv er viktig for å nå visjonen om fysisk aktivitet for alle, samtidig har den store søknadssummen til denne typen anlegg i år gjort det utfordrande i forhold til å balansere tildelingane til andre anleggs kategoriar og tildelingsføringar.

Det er eit mål for alle som søker å få sine søknadar godkjend. Sogn og Fjordane får i 2018 ei god tildeling, som kunne vore høgare om fleire søknadar hadde vore godkjend. I år er 93 % av søknadane godkjend. Ein stor del av søknadane som ikkje er godkjende er grunna manglande finansiering. To søknadar manglar idrettsfunksjonell godkjenning og ein søknad manglar rett til bruk av grunn. I tillegg er det to søknadar frå ein søker som ikkje er godkjend som søker i spelemiddelordninga som følgeleg ikkje er godkjend. Fylkesdirektøren viser til vedlegg nr. 4 for meir detaljert informasjon om ikkje godkjende søknadar. Godkjend søknadssum tel 50 % av vektninga ved vurderinga for tildelinga av Kulturdepartementet. På bakgrunn av dette har fylkesdirektøren dei siste åra hatt tett oppfølging av kommunar med låg godkjeningsprosent med mål om å auke denne. Dette har vi i stor grad lukkast med, likevel syner årets søknadsrunde at dette fortsatt må vere eit satsingsområde i åra framover. Det er også viktig at dette vert jobba med i kommunane.

Ved årets tildeling vert det tilrådd å løyve midlar til 105 anlegg frå både ordinær ramme, inndregne midlar, tilbakebetalte midlar og rentemidlar. Det er god spreining mellom anleggstypar som får tildeling sjølv om anleggsutbygging går i bølgedalar i kommunane og ein i år ser ei større satsing på anlegg for friluftsliv enn tidlegare. Fylkesdirektøren har vurdert årets tildelingar på bakgrunn av nasjonale reglar for tildeling, samt vedtekte fylkeskommunale føringar. I tillegg har vi vurdert tidlegare års tildelingar i kommunane som grunnlag ved årets tildeling. Fylkesdirektøren har valt å legge ved ei vurdering av tildelte søknadar frå kvar enkelt kommune. Desse vurderingane ligg i vedlegg nr. 5.

Ventetida for tildeling av spelemidlar har gått ned dei siste åra, og ser no ut til å ha stabilisert seg. Slik fylkesdirektøren ser det vil årets forslag til fordeling av spelemidlane oppretthalde ventetida for tildeling på om lag 3 år. Det er eit mål i regional plan å arbeide for lågast mogeleg ventetid for tildeling. Dette er viktig for å styrke rammevilkåra for organisasjonar som bidreg til fysisk aktivitet

## **6. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.